



## SAKSPAPIR

<b>Styre, utval, komite m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>	<b>Sbh</b>
Kommunestyret	16.09.2014	077/14	GIS

<b>Saksansvarleg</b> Mona Rabben	<b>Arkiv:</b> N-101.2 <b>Objekt:</b>	<b>ArkivsakID</b> 12/2497
-------------------------------------	---	------------------------------

### REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND - SENTERSTRUKTUR, TENESTER OG HANDEL - HØYRING

#### Dokumentliste:

Nr	T	Jp.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	31.10.2012	Hordaland fylkeskommune	REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND - SENTERSTRUKTUR, TENESTER OG HANDEL - HØYRING
2	I	07.11.2012	Hordaland Fylkeskommune	HØYRING AV FORSLAG TIL PLANPROGRAM - REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND - SENTERSTRUKTUR, TENESTER OG HANDEL
3	I	22.02.2013	Hordaland Fylkeskommune	OPPNEMNING AV REPRESENTANTAR TIL STYRINGSGRUPPE FOR REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND - SENTERSTRUKTUR, TENESTER OG HANDEL - HØYRING
4	I	23.04.2013	Hordaland Fylkeskommune	STIPENDFINANSIERT STUDIETUR MED TEMA ATTRAKTIVE SENTER
5	I	28.05.2014	Hordaland Fylkeskommune	REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND - HØYRING
6	I	04.06.2014	Hordaland Fylkeskommune	OPE HØYRINGSMØTE TORSDAG 05.06.14 - REGIONAL PLAN FOR

8	I	01.07.2014	Hordaland Fylkeskommune	ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND UTSETT HØYRINGSFRIST
10	U	22.09.2014	Hordaland Fylkeskommune	REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND - HØYRINGSFRÅSEGN

### Saksutgreiing:

Hordaland fylkeskommune har med heimel i plan- og bygningslova §§ 8-1, 8-3 og 8-5 vedteke å senda forslag til «Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel» på høyring.

Hovudmålet i planen er at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport.

Planen er delt inn i fem plantema som er:

- \* Hovudmål
- \* Attraktive sentrumsområde
- \* Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod
- \* Handel og kjøpesenter
- \* Transport

Kvart plantema inneheld mål, planskildring, retningslinjer og handlingsprogram. Plantemaet handel og kjøpesenter inneheld føresegner som regulerer storleik og lokalisering av handelsverksemd. I samsvar med pbl § 4-2 er det utarbeidd konsekvensutgreiing.

I planframlegget er det vist korleis fylkeskommunen ynskjer den framtidige senterstrukturen skal utviklast :

- Fylkessenter: Bergen
- Regionsenter fastsett i regional plan
- Kommunesenter fastsett av kommunen
- Bydelssenter i Bergen fastsett av kommunen
- Lokalsenter kan fastsetjast i kommuneplanen
- Nærsenter kan fastsetjast i kommuneplanen

Kriteria for utveljing av regionsenter er fylgjande: alle innbyggjarane skal kunna nå eit regionsenter innan ca. ein times køyring, regionsenter skal ha eit omland med minimum 10.000 innbyggjarar – og nye regionsenter rundt Bergen må ha eit omland med meir enn 25.000 innbyggjarar. I planforslaget er det peika ut eitt nytt regionsenter i høve til dei som ligg inne i fylkesdelplan for senterstruktur frå 2002. Det nye regionsenteret er Kleppestø på Askøy. Grunngevinga er omsynet til folketal – og for å gjera Askøy meir sjølvforsynt. Det

vert og peika på at det er ei føremon om regionsentra blir meir like i folketalsgrunnlag og at Kleppestø slik sett kan avlasta fylkessenteret Bergen.

Straume er som før peika ut som regionsenter for kommunane vest for Sotrabraua.

Retningslinene i planen seier at vedteken senterstruktur skal leggjast til grunn for planlegging og forvaltning i fylket.

Når det så gjeld det å skapa attraktive sentrumsområde er fylgjande målsettingar formulerte i planforslaget:

- Overordna mål: Sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vera, bu og driva næring i
- Delmål:
- Sentrum skal ha god balanse mellom handel, private og offentlege tenester, kulturtilbod og bustader.
- Sentrumsområdet skal vera tett utbygd innanfor ein gangbar kjerne.
- Sentrumsutvikling skal byggja på staden si historie, sitt særpreg og sine landskapstrekk.
- Sentrum skal ha høg arkitektonisk kvalitet og inkluderande møteplassar.
- Sentrum skal ha gode parkar, leikeplassar og allment tilgjengelege areal for fysisk aktivitet.

Retningslinene for arealplanar i sentrumsområde seier både noko om planprosessar og om arealbruk.

I forslag til handlingsprogram er det lista opp tiltak der fylkeskommunen aktivt medverkar i vidare senterutvikling i fylket.

I egne kapittel er det tilsvarande framlegg til retningsliner og handlingsprogram når det gjeld «Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod», «Handel og kjøpesenter»- der regionale føresegner heimla i pbl vil verta styrande når dei er vedtekne – og «Transport».

### **Vurdering:**

Dette regionale planforslaget gjev god oversikt over den struktur og dei føringar fylkeskommunen vil skal leggjast til grunn for vidare senterutvikling i Hordaland. Planen kan gje nyttig støtte i arbeidet med senterutvikling på ulike nivå i kommunane.

Planen sitt framlegget til senterstruktur støttar opp under det utviklingsbiletet som vert kalla «Desentralisert konsentrasjon» - der det er eit mål å sikra at ein stor del av folkeveksten i Bergensregionen skal koma i nærområda til regionsentra. Dette utviklingsbiletet har i seg at behovet for transport kan verta redusert – dersom ein lukkast med å tilretteleggja for gode senter med bustader, tenestetilbod og arbeidsplassar utanfor Bergen sentrum.

I vår region er det laga utbyggingsplanar for regionsentra Straume og Kleppestø som tek høgde for ei slik utvikling. Likevel vil tilboda i Bergen sentrum og vera viktige for mange sundsokningar i det daglege.

Sund kommune har utarbeidd ein kommunedelplan for sitt kommunesenter. Kommunedelplanen byggjer på ein omfattande stadanalyse. Endra føresetnader og røynsle frå forvaltninga knytt til denne planen, tilseier at planen må rullerast. Det er og ynskjeleg å justera plangrensa noko – slik at tilgrensande areal i Fjell kommune kan verta omfatta av ny plan.

Sidan Skogsskiftet som tettstad har vorte planlagt frå grunnen (heilt nytt byggjeområde), skulle ein tru at det måtte vera greitt å laga ein god arealplan for området. Utfordringa ligg i å finna ein balanse mellom dei «ideelle» måla ein set for senterutviklinga – og det aktuelle utbyggjarar har evne/vilje til å gjennomføra. I planprogrammet for rullering av samfunnsdelen i kommuneplanen vert det lagt opp til at senterutviklinga skal vera eit sentralt tema. Her er det gjerne strategiar for å få gjennomført ynskt utbygging som skal stå sentralt i debatten. Framlegget til regional plan for attraktive senter kan vera med å inspirera til å fastsetja rett ambisjonsnivå for vidare senterutvikling i Skogsskiftet.

I desse dagar då presset frå Oslo om kommunesamanslåing er aukande, kan ein gjerne vera noko spørjande til framtidig utvikling av kommunesenteret i Sund. Her opnar den regionale planen for at lokalsenter skal vera ein del av senterstrukturen. Endring av kommunegrensene bør difor ikkje føra til oppbremsing i arbeidet med å utvikla Skogsskiftet som senter. Tvert om bør ei slik senterutvikling vera eit viktig punkt i drøftingane om ev. kommunesamanslåing. I dag er offentleg tenesteyting den viktigaste drivkrafta i senterutviklinga. Mange offentlege tenester – særleg til brukarar med spesielle hjelpebehov, vert opplevd som svært viktig å ha tilgjengeleg lokalt.

Her må det og drøftast strategiar dersom endra kommunegrenser fører til sentralisering av offentlege tenester. Planen om senterstruktur legg ingen premiss for korleis framtidig kommunestruktur skal vera – eller kva ny kommunestruktur kan få som konsekvensar for utvikling av det som er kommunesentra i dag.

Skogsskiftet er eit av områda i Sund med flest arbeidsplassar. Mange av desse arbeidsplassane er knytte til offentleg tenesteyting. Det er viktig å ha strategiar for å auka talet på arbeidsplassar knytt til privat næring i senterområdet.

I forslag til planprogram for rullering av samfunnsdelen i kommuneplanen til Sund, er «folkehelse» eit viktig tema. I høve til senterutviklinga er det viktig i arealplanlegginga å sikra område for allsidige kultur- og fritidstilbod – og i samfunnsplanlegginga drøfta korleis utviklinga av slike tilbod og deltaking kan stimulerast. Dette er særleg viktig i senterområda der ein prinsipielt ynskjer høg utbyggingsgrad.

I dag ligg Skogsskiftet inne som eit ytterpunkt i fylkeskommunen sin plan for vidareutvikling og styrking av kollektivtransporten. Det er viktig for Sund å oppretthalda denne statusen – og kommunen må difor tilretteleggja for og oppmoda innbyggjarane om å nytta kollektivtilbodet. Det er og viktig å peika på at effektiv kollektivtransport er ein føresetnad for at tilbodet skal verta nytta. Ei opprusting av FV 555 er naudsynt for å sikra at brukarane skal oppleve busstilbodet som effektivt.

Elles har Sund satsa mykje på trafikksikring og utbygging av gang- og sykkelveggar over mange år. Det er viktig å sikra samanhangande gang- og sykkelvegstrekk i den vidare planlegginga.

Sund er ein av kommunane i Hordaland med størst handelslekkasje. Rådmannen kan difor ikkje sjå at framlegget til føresegner i kapittel 4 som gjeld Handel og kjøpesenter skal vera til hinder for vidare utbygging av handelsverksemd i kommunesenteret. Det er likevel eit vilkår at utbygginga kjem i kjernen av senteret – og er med på å styrka det samla tilbodet i senteret.

Rådmannen meiner «Regional plan for attraktive senter i Hordaland» legg føringar for ei utvikling som kan vera tenleg for Sund kommune. Planen vil og vera ei god støtte i det vidare arbeidet med senterutvikling i Sund.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Mange av punkta i handlingsprogram knytt til planen opnar for fagleg og økonomisk støtte til kommunane frå fylkeskommunen knytt til vidare lokal planlegging av senterutvikling. Det er positivt.

#### **Tilråding til vedtak:**

1. Sund kommunestyre seier seg godt nøgd med framlegg til «Plan for attraktive senter i Hordaland».
2. Sund kommunestyre meiner likevel at planen kan vera tydelegare på dei konsekvensar kommunesamanslåing kan få for utviklinga av det som er kommunesenter i dag – og korleis regionen kan vera med å sikra vidare positiv utvikling i desse sentra i samsvar med lokalt vedtekne planar.

### **16.09.2014 KOMMUNESTYRET**

#### **AP v/Lisbeth Saksvik hadde framlegg om følgjande tilleggspunkt:**

3. *Det er ynskjeleg at det vert presisert kva som skjer med tidlegare kommunesentra ved ei eventuell kommunesamanslåing når det gjeld offentlege tenester.*

Pkt. 1 og 2 vart vedtekne samrøystes. Framlegget frå AP vart vedteke med 19 mot 5 røyster.

#### **K-077/14 Vedtak:**

1. Sund kommunestyre seier seg godt nøgd med framlegg til «Plan for attraktive senter i Hordaland».
2. Sund kommunestyre meiner likevel at planen kan vera tydelegare på dei konsekvensar kommunesamanslåing kan få for utviklinga av det som er kommunesenter i dag – og korleis regionen kan vera med å sikra vidare positiv utvikling i desse sentra i samsvar med lokalt vedtekne planar.

3. Det er ynskjeleg at det vert presisert kva som skjer med tidlegare kommunesentra ved ei eventuell kommunesamanslåing når det gjeld offentlege tenester.

<b>Rett utskrift :</b> <i>Eva-Marit T. Hamre</i>	
<b>Dato:</b> <i>24.09.2014</i>	<b>Kopi til:</b>
	Hordaland fylkeskommune